



Hans Jarle Haukås
Fjellangersvingane 254
5955 Lindås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3822 - 22/35303

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
06.05.2022

Adressetildeling Lindåsvegen 2521 - Skytterhus - GBNR 104/60 Haukås

Administrativt vedtak: Saknr: 507/22

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkelova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adressedeling:

Gnr	Bnr	Brukseining	Vegnavn	Tildelt husnr
104	60	H0101	Lindåsvegen	2521

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld

Det er sett opp nytt skytterhus for Lindås skytterlag på eigedommen 104/60. Leiar av skytterlaget etterlyste adresse til dette bygget i e-post datert 05.05.22.


Vurdering

Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Lindåsvegen. Adresser til denne vegen vert tildelt etter avstandsprinsippet og dette bygget har fått tildelt husnummer 2521.

Ulike bygg som har trong for / nytte av adresse kan få tildelt offisiell adresse. Skytterlagshus er eit slik bygg og burde nok vore tildelt adresse frå starten.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressedeling og adresse vert difor tildelt.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme under).

Husnummer må vere på plass før bygget vert teke i bruk.



I tilfeller der bygget med adresse ikkje synes frå adressevegen er det nødvendig med tilvisingsskilt ved avkøyring til sideveg.

Der eigedommen som har fått adressa strekkjer seg heilt fram til vegen (der avkøyringa er), har eigar sjølv plikt til å setje opp også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/3822»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås skytterlag v/ Eivind Børildsen

Mottakarar:

Hans Jarle Haukås

Fjellangersvingane 254

5955

Lindås